



Bakgrunn for vedtak

Miljateig kraftverk

Etne kommune i Hordaland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Miljateig Kraft AS SUS
Referanse	
Dato	28.06.2016
Notatnummer	KSK-notat 72/2016
Ansvarleg	Øystein Grundt
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Miljateig kraftverk i Etne kommune. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Miljateig kraftverk.

Miljateig Kraft AS (SUS) vil utnytte fallet i Miljateigselva frå kote 217 til sjøen. Nedbørfeltet er 5,8 km², med ei middelvassføring på 707 l/s. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 2500 kW. Maksimal slukeevne vert 1450 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 8 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 27 l/s, som tilsvarar alminneleg lågvassføring. Det vil bli bygd veg fram til inntaket.

Miljateig Skålnes Kraft SUS søkte den 21.07.2012 om løyve til å utnytte fallet i Miljateigselva og Skålneselva i eit større prosjekt. Konesjonssøknaden fekk avslag frå NVE den 16.12.2014. Dei same tiltakshavarane fremjar no eit nytt prosjekt som tek omsyn til innspel frå konsesjonsprosessen for Miljateig Skålnes prosjektet. Alle inngrep i det nye prosjektet er flytta ned frå høgareliggjande område, og Skålneselva er tatt ut av planane. Det vert no søkt om konsesjon til å utnytte fallet i Miljateigselva frå kote 217 til sjøen. Røyrгатetrasé og plassering av kraftstasjon er den same som i tidlegare prosjekt. Netttilkopling vert også som før skildra.

Etne kommune støttar omsøkte planar for bygging av Miljateig/Skålnes kraftverk, og meiner at tiltaket syner overvekt av nytte i høve ulemper. **Hordaland fylkeskommune** rår til Miljateig kraftverk. **Fylkesmannen i Hordaland** rår ikkje ifrå bygging av Miljateig kraftverk, men ber NVE vurdere søknaden kritisk ut frå ei samla vurderinga av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden. **Statens vegvesen** har ingen større merknader. **Skånevik Ølen Kraftlag (SØK)** har ingen motforestillingar til dei framlagde planane. Dei uttaler at det ikkje er kapasitet på dagens overføringsnett. **Naturvernforbundet i Hordaland** rår NVE til å avslå søknaden om utbygging av Miljateig kraftverk. **Haugesund Turistforening** meiner at Miljateig kraftverk ikkje bør få konsesjon. **Grunneigarar** på tilgrensande eigedomar, Kjell Magne Markhus (gbnr 11/20, 30) og Kåre Olav Krognos og Hege By (gbnr 11/4), viser til ulemper ved plassering av kraftstasjon og andre inngrep like ved deira eigedomar. Jon Arne Markhus (gbnr 111/3) og Kåre Olav Krognos og Hege By viser til at fallrettane ikkje er klarlagt.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 8 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon til ein pris under gjennomsnittet for småkraftverk dei seinare åra. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2013–15) har NVE klarert om lag 2,0 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra, for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Miljateig kraftverk vil vere eit bidrag til fornybar energiproduksjon med avgrensa verknad for miljø. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt sidan tiltaket ligg i randområdet til Etnefjella som regionalt viktig friluftsområde. NVE legg til grunn at inngrepa vil finne stad i eit anna landskapsrom, og såleis ikkje redusere opplevinga av urørt natur i

dette fjellområdet. NVE meiner at den omsøkte utbygginga er akseptabel med omsyn til landskap og friluftsliv. NVE har og lagt vekt på omsynet til biologisk mangfald. NVE meiner at det bør sleppast ei noko større minstevassføring i sommarsesongen med tanke på å sikre artsmangfaldet knytt til bekkekløftene langs Miljateigselva. Dette vil redusere produksjonen med i underkant av 0,5 GWh/år. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, for å ta vare på landskap og biologisk mangfald, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser er akseptable.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Miljateig Kraft AS (SUS) løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Miljateig kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

I NVE si vurdering er det også tatt omsyn til andre konsesjonssøknader som er handsama i same området. Det gjeld dei to småkraftutbyggingane på sørsida av Åkrafjorden; Ripelselva kraftverk og Hetleflåt kraftverk der det vart fatta vedtak den 16.12.2014, samt dei to kraftverka på nordsida av Åkrafjorden; Djuvselva kraftverk og Kvanndalselva kraftverk der det vart fatta vedtak den 01.04.2014.

Ripelselva og Djuvselva kraftverk fekk løyve til utbygging medan Kvanndalselva kraftverk fekk avslag. Fylkesmannen i Hordaland har fremja motsegn til Hetleflåt kraftverk, og NVE sitt vedtak i denne saka er sendt over til departementet for endeleg avgjerd.

NVE har i innstilling til OED tilrådd at det vert gitt konsesjon til eit redusert alternativ for utbygginga i Rullestad og Skromme med naudsynt tilknytning til kraftline. NVE har i nødvendig grad sett desse vedtaka i samanheng.

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	7
NVEs vurdering	13
NVEs konklusjon	19
Forholdet til anna lovverk	19
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	21
Andre forhold	23
Vedlegg	24

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Egil Næsheim, datert 07.05.2015:

«Miljateig Kraft AS SUS ønskjer å utnytte vassfallet i Miljateig elva i Etne kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Miljateig Kraftverk ved kote 2,5 og med inntak kote 217 i Miljateig elva

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Miljateig Kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.»

Miljateig kraftverk, endeleg omsøkte hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	5,8
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	22,29
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	122
Middelvassføring	l/s	707
Alminneleg lågvassføring	l/s	27
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	106
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	23
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	217
Avløp	moh.	2,5
Lengde på aktuell elvestrekning	m	1016
Brutto fallhøgde		214,5
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,55
Slukeevne, maks	l/s	1450
Minste driftsvassføring	l/s	24
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	27
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	27
Tilløpsrør, diameter	mm	800
Tilløpsrør, lengde	m	1000
Installert effekt, maks	MW	2,5
Brukstid	timar	3200
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4
Produksjon, årleg middel	GWh	8
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	22,8
Utbyggingspris	kr/kWh	2,85

Miljateig kraftverk, elektriske anlegg**GENERATOR**

Yting	MVA	3,0
Spenning	kV	0,69

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	3.0
Omsetning	kV/kV	0,69/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	m	590	Luftline
Nominell spenning	kV	22	

Om søkjar

Tiltakshavar er Miljateig Kraft AS (SUS), eit privat aksjeselskap eigd av grunneigarane med fall- og grunnrettar. Eigarane er Egil Næsheim og Harald Miljeteig. Verksemda skal nytte vassressursane på eigedomane til kraftproduksjon. Eigarane driv i dag gardsbruk.

Skildring av området

Tiltaksområdet er sør for bygda Markhus i Etne kommune. Vassdraget drenerer til Åkrafjorden. Det er lite busetnad i området, og infrastruktur og busettinga ligg nedst langs fjordane, og det er også her dei fleste eksisterande inngrepa er. Bygda Markhus ligg på eit platå eit stykke opp frå fjorden, og her er det i hovudsak eldre bustadar og mindre gardsbruk. Frå den private vegen opp til Markhus går det ein landbruksveg opp lia langs Miljateigsvassdraget.

Teknisk plan*Inntak*

Det vert etablert eit inntak på kote 217. Det er planar om å nytte seg av eit Coandainntak for å sikre stabil drift. Inntaket vert ca. 1,75 meter høgt, med ei breidde på terskelen på 10 meter, dvs. 10 rister med høgd på 1,27 meter. På sida av elva lagar ein til reguleringskammer med teknisk rom for ventilar, lufting etc. Over teknisk rom vert det laga ei lita dambu med mål ca. 2,9 x 4,0 meter for å ha styringssystem (PLS) og elektrisk utstyr i.

Det skal sleppast ei minstevassføring på 27 l/s ved inntaket, tilsvarende alminneleg lågvassføring.

Vassveg

Røyrkata får ei lengd kring 990 meter, og ein diameter på 800 mm. Røyrkata vert utført med duktile støypejarnsrøyr og vert nedgrave heile vegen.

Vassvegen startar nede ved sjøen ved kraftstasjonen med senter røyr ca. 2,5 moh. Vassvegen kryssar gamal E-134, no kommunalveg, like etter kraftstasjonen som vert på sjøsida av vegen. Røyrkata går opp via gjengrodd kulturlandskap, passerar bilvegen opp til Markhus, og går parallelt med landbruksvegen langs elvedalsida. Traseen opp til bilvegen er den brattaste delen med ca. 30 grader

stigning, og det må her påreknast noko sprenging. Etter at vassvegen har passert bilvegen flatar terrenget noko ut, og ein har ei stigning på ca. 25 grader opp til kote 170, der terrenget flatar ut. Her følgjer traseen ei høgde i terrenget som mest består av ungsog, med einer, or, småbjørk og hassel.

Frå kote 170 følgjer røyrkata landbruksvegen opp omtrent til inntaksplasseringa. Det er mest furuskog og blåbærlyng, med noko innslag av bjørk, som utgjer vegetasjonen heile vegen opp til inntaket. Stigninga frå kote 175 til kote 217 ligg mellom 8 og 10 prosent, og lengda på denne delen er ca. 575 meter. Det er ikkje venta omfattande sprengingsarbeid på denne delen av traseen, men ein del skog må fjernast. Røyrtraseen vil ha eit plassbehov for rydding av skog på ca. 20 meter.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert nede ved sjøen med golvnivå på kote 2,5. Kraftstasjonen får installert ein Peltonturbin på ca. 2600 kW, med synkrongenerator på 3000 kVA. Stasjonen får eige rom for kontrollanlegg, koplingsanlegg og høgspenningsanlegg, der ein trafo på 3,0 MVA vert installert.

Arealet av stasjonen vert ca. 100 m². Endeleg form og utsjånad er ikkje prosjektert på dette tidspunktet, men det vert opplyst at utsjånaden vert vektlagt sidan kraftstasjonen skal stå i strandsona.

Nettilknytning

Næraste 22 kV nett går ved nye E-134 inne i Markhustunnelen. Avstanden er på 590 meter, og ein reknar med å byggje ny luftline langs den gamle vegen. Områdekonsesjonær er Skånevik Ølen Kraftlag (SØK).

Overliggjande nett er svakt, men regionalnettet for området er under konsesjonsbehandling for utviding med ny 66 kV gjennom Skreddalen, på nordsida av Åkrafjorden. Det er vidare planlagt ny 66 kV frå Matre til Tøsse med 66 kV koplingsstasjon, og luft/sjøkabel til Fjæra. NVE har gitt innstilling til OED som skal fatte endeleg vedtak. Prosjekta den omsøkte lina skal handtere omhandlar innstillingar og konsesjonar på ca. 150 GWh. Det er i tillegg inne søknadar om konsesjon som ikkje er ferdig behandla hjå NVE. Desse utgjer til saman ca. 25-30 GWh.

Nytt luftspenn over fjorden frå Tøsse til Skålneset vart nyleg bygd. Dette spennet er dimensjonert for å kunne overføre ein langt større energimengde enn det gamle spennet, som var berekna på lokal distribusjon av kraft. Miljateig kraftverk vil kunne knyta seg opp mot dette spennet for å føra krafta over fjorden til 66 kV på Tøsse, når dette nettet er på plass.

Miljateig Kraft AS har dialog med både SØK, SKL og Odda Energi AS om nettbehovet for dette prosjektet.

Veg

Det må byggjast veg frå den gamle E-134 og ned til tomta ved sjøen. Denne vegen vert ca. 40 meter lang, med utsprenging av stasjonstomt og snuplass i enden.

Det går i dag ein landbruksveg inn elvedalen. Denne startar frå bilvegen opp til Markhus, og endar i dag ved kote 230. Den er tenkt opprusta og brukt til røyrtrasé, samt tilkomstveg for inntak. Vegen vert opprusta/bygd som traktorveg klasse 7. Det må også lagast ein parkering/snuplass i nærleiken av inntaket.

Massetak og deponi

Det kan vere aktuelt med uttakt av morenemassar ulike stader langs vegtraseen, for å nytta dei til toppdekke på vegen. Desse uttaka vert små, og fordelt over ulike stader, som vert utjamna under ferdigstillinga av anlegget.

Arealbruk

Det totale arealbehovet ved bygging av Miljateig kraftverk vil vere om lag 27,6 daa, der 15 dekar vert tilbakeført (røyrgate utanfor veg og riggplassar). Storparten av arealbehov til røyrgate og veg, 10 daa, går langs eksisterande skogsveg, slik at permanent nytt arealbehov vert ca. 2,6 daa. Av ny arealbruk vil kraftstasjonen med tilkomstveg krevje ca. 1,25 dekar og inntak ca. 0,1 dekar.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommuneplanen sin arealdel er området regulert som LNF-område.

Samla plan (SP)

Tiltaket er tidlegare ikkje handsama i samla plan, og er under grensa for slik handsaming.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna etter verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Miljateigselva er ikkje nasjonalt laksevassdrag, og Åkrafjorden er ikkje nasjonal laksefjord.

Andre verneområde

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med verna område.

Fylkesvise planar for småkraftverk

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd regional plan for småkraft. Dei overordna rammene for planen er at ”Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast”. Utbygginga av Miljateig kraftverk kjem i berøring med følgjande verdsette og markerte lokalitetar i fylkesplanen:

- Miljateigselva ligg i eit område av Åkrafjorden gitt middels verdi i temakart for fjordlandskap.
- I verdikart for biologisk mangfald er nedre del av Miljateigselva markert som bekkekløft med potensial. Utbyggingsområdet er også registrert som område med artsdata av noko verdi, og tre punkt med registrering av «andre fuglar» med noko verdi.
- Øvre del av Miljateigselva ligg i eit område som er gitt middels verdi i temakart for inngrepsfrie naturområde.
- Fjellområdet Etnesfjella søraust for Miljateigselva, og areala kring DNT-stien mellom Markhus og Sandvasshytta, er registrert som regionalt friluftsområde med stor verdi i temakart for friluftsliv. Området er gitt stor verdi i temakart over sårbare høgfjellsområde.
- Guida tur med båt på Åkrafjorden er markert i temakart for reiseliv.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 16.10.2013 i samband med søknad om Miljateig Skålnes kraftverk. På synfaringa deltok representantar for Etne kommune, Fylkesmannen, Naturvernforbundet, søkjar og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Etne kommune viser i e-post av 11.09.2015 til kommunestyret si handsaming av Miljateig Skålnes kraftverk den 01.10.2013 og vedtak i k-sak 53/13. Kommunen kjem med følgjande fråsegn for det justerte prosjektet i Miljateigselva:

«Etne kommune støtter omsøkte planar for bygging av Miljateig kraftverk. Tiltaket har avgrensa negative konsekvensar og syner stor overvekt av nytte i høve til ulemper. Kommunen er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarhalvåret.

Vedrørande bortfall av urørt natur kan ein heller ikkje sjå på verknadene av Miljateig kraftverk åleine, men må ta omsyn til nærliggjande eksisterande og planlagde vasskraftprosjekt.

Lokal verdiskaping og styrking av gardsbruka er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.»

Fylkesmannen i Hordaland har gitt uttale i saka datert 13.08.2015. Fylkesmannen viser til at inngrep knytt til røyrgatetraseen vil bli godt synleg frå fjorden. Det vert vist til at det er fleire fossesprøytnoner i den registrerte bekkekløfta, og at vegetasjonen knytt til desse vil bli påverka av redusert vassføring. Fylkesmannen peikar på at utbyggingsområdet ligg ved oppgangsområdet til fjellområde med stor regional verdi, og at det går ein mykje brukt tursti frå Markhus til Sandvasshytta. Fylkesmannen ber NVE vurdere søknaden om bygging av Miljateig kraftverk kritisk ut frå ei samla vurderinga av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og legge vekt på nasjonale og regionale verdiar i regionen.

Hordaland fylkeskommune

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 29.10.2015 som sak 261/15, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- «1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.*
- 2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.*
- 3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.»*

I saksframlegg frå fylkesrådmannen vert det konkludert med følgjande:

«Miljateig kraftverk er eit redusert prosjekt samanlikna med opprinneleg søknad og konflikta med allmenne interesser i området er mindre. Dette gjeld særleg friluftsinnteresser, biologisk mangfald og sårbart høgfjell. Prosjektet er framleis i noko konflikt med reiseliv, biologisk mangfald og fjordlandskap. Talet på potensielle kraftutbyggingar i nærområdet er stort, og dette bør tillegkast vekt i vurdering av saka. Prosjektet har ein låg utbyggingspris og vil truleg betre lønsemda på gardsbruka ved Miljateigselsva. Dette vil fremje lokal busetnad og gi skatteinntekter til kommunen.»

Statens vegvesen har komme med uttale den 04.08.2015 der dei mellom anna skriv følgjande:

«Det går fram av søknaden at tilløpet til kraftstasjonen skal leggst i røyr over Markhustunnelen. Vert det likevel aktuelt med sprengingstiltak over tunnelen, skal dette omsøkast i god tid for igangsetting. Det vil då verte sett krav til dokumentasjon.

Vidare må det søkast om løyve for kryssing av veg med luftspenn, og for avkjørsle frå gamle E134 til kraftstasjon.

I søknaden går det fram at utbygginga ikkje vil påvirke Staten vegvesen sine installasjonar i særleg grad. Vi vil allikevel peke på at vi vil holde utbygger ansvarlig for skader på våre installasjonar som følge av utbygging og drifting av anlegget.

Med desse atterhald kan vi gi ein positiv tilråding.»

Skånevik Ølen Kraftlag (SØK) har komme med uttale den 10.08.2015 der dei skriv følgjande:

«Skånevik Ølen Kraftlag SA, heretter kalla SØK SA har ingen motsegner til dei framlagde planane.

Når det gjeld nettilknytning til dagens 22 kV høgspennnett kan følgjande opplysast:

Det er i dag ikkje nettkapasitet til å ta i mot det omsøkte produksjonskapasiteten. Hovedutfordringa er først og fremst knytt til nettkapasiteten ut av vårt forsyningsområde. SKL Nett AS har i dag inne, hos OED, konsesjonssøknad om etablering av ny 66 kV med tilhøyrande 22 kV koplingsstasjonar til handsaming. Utfallet av denne søknaden og om prosjektet blir realisert, vil vera avgjerande for i kva grad kraftverket kan tilknyttast vårt 22 kV nett.

Utover dette må det også gjennomførast tiltak i eige 22 kV nett»

Naturvernforbundet Hordaland viser i deira uttale av 14.09.2015 til at ei storstilt utbygging av småkraft i vassdrag med bekkekløfter vil kunne føre til et stort tap av viktige naturverdiar og truga artar. Naturvernforbundet meiner difor at naturmangfaldlova § 9 om føre-var-prinsippet må vege tungt i behandlinga av saker som påverkar bekkekløfter. Naturvernforbundet viser til at utbyggingsprosjektet ligg ved inngangen til eit høgfjellsområde av stor verdi i fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland. Naturvernforbundet peikar på at det er eit stort trykk på vassdraga i region, og meiner at utbygging av Miljateig kraftverk vil føre til at den samla belastninga i Åkrafjord-området blir uakseptabelt stor. Basert på konsekvensar for biologisk mangfald og samla belastning på fjordlandskapet i Åkrafjorden rår Naturvernforbundet NVE til å avslå søknaden om utbygging av Miljateig kraftverk.

Haugesund Turistforening har gitt uttale den 28.08.2015 der dei mellom anna skriv følgjande:

«NVK (Naturvernkomiteen i Haugesund Turistforening) ser at utbygger har tatt innspillene til det forrige prosjektet til etterretning og nå lanserer et revidert anlegg. Dette nye forslaget har klart mindre påvirkning på området sett fra turistforeningens synspunkt. Det opprinnelige forslaget hadde langt større påvirkning omkring den T-merkede stien opp til Sandvasshytta.

Allikevel viser vi til teksten under "Generelt", hvor vi mener at sumvirkningen i fjordlandskapet må vurderes etter NML (naturmangfoldloven). NVE sitt avslag på forrige prosjekt var basert på flere momenter vedr dette enn bare overføringen fra Skålneselva og inngrepet høyt oppe i fjellet. Da Ripelselva og Hetleflot har fått konsesjon, så mener NVK at Miljateig fortsatt ikke bør få konsesjon, slik at det blir ei elv i nærområdet ved Markhus som får renne fritt med sitt naturlige biologiske mangfold.»

Jon Arne Markhus er grunneigar på gbnr. 111/3 og har komme med følgjande uttale 29.08.2015:

«Vil med dette melda fråsegn til høyringsbrevet. Sjå vedlegg 5 i høyringsbrevet. Her står det at grunnrettigheter til røytraseen er 100% eigd av Egil Næsheim. Røytrase krysser del av gnr.111. bnr.3 sin eigendom. Er ikkje blitt kontaktet om dette, verken i første søknad eller den nye søknaden. Fallrettigheter er ikkje klarlagt då 111/3 sin eigedom går ned til elven. Sjå oversiktskart vedlegg 2.»

Kjell Magne Markhus er grunneigar på gbnr. 111/30 og 111/20. Kjell Magne Markhus viser til tidlegare uttale frå 17.08.2013:

«Som eiere av eiendommen Hauane 111/30 og 111/20 er vi nærmeste nabo til der kraftverket er planlagt ved fjorden da selve kraftverket er planlagt ganske langt unna utløpet for elven.

Med under 50 m til nabogrense og ca 70 m til bolighusene er det svært viktig for oss at hensynet til støy blir ivaretatt på beste måte. Dette kan være krav til selve bygget, ventilasjonsluker vendt bort fra Hauane, utløp under vann og ellers andre kjente og anbefalte tiltak fra undersøkelser foretatt ved eksisterende sammenlignbare kraftverk.

Vi har i dag lite støy på vår eiendom og skulle vi få en støykilde som er der 24 timer i døgnet, så vil dette være svært forringende for vår eiendom.»

Kåre Olav Krogenes og Hege By er grunneigarar på gbnr. 111/4 og har komme med følgjande uttale 30.08.2015:

«Grunneier 111/4 Kåre Olav Krogenes og Hege By som grenser til elv/kraftstasjon/kryssing av eigedom 111/4 med røyrtraseen, legger herved inn merknad på nye utbyggingsplaner av Miljateig kraftverk.

Nye punkter angående ny søknad:

Nr 1. Ser ut frå ny søknad at Nesheim hevder at han har eiendomsretten til hele røyrtraseen. Dette stemmer ikkje. Han må krysse vår skogteig på 111/4 for å komme ned til kraftstasjonen.

Nr 2. Ser også ut frå søknad at han har planlagt å bruke veien opp til Øvre Markhus i anleggsperioden. Dette er ikke lagt fram for verken eiere eller godkjent av veilaget. Ser også at han har trukket tilbake punktet om at han skal holde hele kosten med veivedlikehold om han får kraftverket igjennom. Dette er også ny informasjon som kommer fram gjennom den nye søknaden.

Nr 3. Vil også opprettholde punktene som vi har anmerket i forrige søknad.»

Uttale til forrige søknad datert 23.08.2013:

«Vi kjøpte gården som grenser til utbyggingselven med hovedide om å skape grunnlag for å skape aktivitet innen turisme siden gården ligger ved innfallsporten til Etnesfjellene der det er merket løypenett og bygget ut med nye og store turisthytter. Vi har i samarbeid med Friluftsrådet Vest tilrettelagt ny stor parkeringsplass på egen eiendom slik at det skal bli lettere for folk å komme seg til fjells.

Vi har også blitt innvilget midler fra Innovasjon Norge bygdeutviklingsmidler BU-midler (vedlegg 1) for å se på mulighetene for å skape en aktivitetspark for aktiv turisme. Vi har satt denne prosessen på vent i påvente av resultatet av søknad om konsesjon.

Plassering av kraftstasjon vil få store innvirkninger for oss siden kraftstasjonen grenser til vår brygge og naustplass.

Vi stiller oss også meget negativt til at det er søkt om utbygging i alle tre elver som er i Markhuslia. Det bør også legges til grunn at dette området inngår i en landskapspark som ligger inn under Hordaland fylke.

Vi stiller oss også meget spørrende til prosessen som ligger til grunn for søknad. Det har vært lite åpenhet fra utbygger angående prosjektet.»

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 11.10.2013 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

«- Etne kommune

Søkjar registrerar at Etne Kommune fortsatt er positiv til dei nye planane, me takkar for det, og har ingen andre kommentarar til det.

- Fylkesmannen i Hordaland

Søkjar registrerar at Fylkesmannen verken rår frå konsesjon eller har motsegn til den reviderte planen. Fylkesmannen påpeikar at tiltaksområdet ligg ved oppgangsområdet til fjellområde med stor regional verdi, men me vil kommentera at tiltaksområdet ikkje direkte påverkar dette, då inntaket ligg i ein elvedal utan sikt mot/frå turistvegen. Fylkesmannen påpeikar også at det vil verta inngrep som vert synleg frå fjorden i anleggstida og i perioden etter. Me er einig i dette, men vil påpeika at dette er kortvaring og vil kun gjelda den nedste delen på ca 200-250 meter. Av erfaring vil traseen vera fullstendig arrondert etter 5 år. Jmfr bl.anna Bjørgjo Kraftverk i etnefjorden. Når det gjeld INON, har me ikkje brukt ressursar på å lage eit nytt kart, då tiltaksområdet ligg i allereie råka område frå inntak til stasjon ved fjorden.

- Haugesund Turistforening

I sin høyringsuttale påpeker Haugesund Turistforening at omsøkt kraftverksutbygging får negativ innvirkning på T-merka sti over gårdseiendommen. Sitat; "Det opprinnelige forslaget hadde langt større påvirkning omkring den T-merka stien opp til Sandvasshytta."

Dette er direkte feilinformasjon fra Turistforeningens side. Verken nåværende eller førre utbyggingsalternativ vil eller ville på noen som helst måte kunne sees eller for den del høres fra den T-merka stien.

Vi mener Turistforeningen burde være en pådriver og heller bruke sin påvirkningskraft for å sikre bosetting på en slik plass. Uten bosetting og drift vil kulturlandskap, bygninger og vei fort være en saga blott.

- Skånevik Ølen Kraftlag SA

SØK har ingen motsegner til søknaden. Dei skriv vidare at det i dag ikkje er nødvendig nettkapasitet i området, og visar til at det er søkt om ny 66kV med tilhøyrande 22kV kopplingsstasjon, samt at utfallet av denne søknaden også påverkar for kva grad Miljateig kraftverk kan koplast til deira nett. Søkjar håpar og trur at dess fleire kraftverk i Åkrafjorden som får konsesjon, dess rimelegare vert tilkoplinga for kvar einskild prosjekt.

- Naturvernforbundet

Naturvernforbundet er negativ til søknaden, og rår NVE til å avslå den, og begrunnar dette med ulike påstandar:

Bekkekløft. Bekkekløfta på Miljateig er nordvendt og vil også etter utbygging vera fuktig, dels frå restfelt men også frå slepp av minstevassføring. Hyppige flaumtoppar vil også sikra overløp på dam.

Det er ikkje funne artar i kløfta som er raudlista i dag. Åkrafjorden inneheld mange bekkekløfter. Ein må også vurdere nytten av tiltaket som vil produsere rein fornybar energi opp mot ulempa med å redusere vassmengda i ei bekkekløft.

At treslaget ALM finnes i området bør ikkje påverka ein søknad om konsesjon til å nytta vatnet i elva. Arten Ask er også trua i dag, men vert ikkje påverka av fråføring av vatn. Me har ikkje observert Alm i traseen for vassveg.

INON: Naturvernforbundet spør etter kart som «beviser» at det ikkje vert reduksjon i INON. Me synest ikkje dette er nødvendig, då tiltaksområdet vert innanfor allereie råka område, med høgste punkt frå fjorden i enden av ein skogsbilveg. INON kartet i området er heller ikkje heilt nøyaktig, då det mange stader er ein forenkling med målte avstandar kun frå E134.

- Statens vegvesen

Me registrerar at Statens vegvesen gir ei positiv tilråding, og er glad for det. Dei visar til at det må søkjast om løyve for avkjørsel frå veg, samt for kryssing av luftspenn. Me tek det til etterretning ved evt utarbeiding av detaljplan.

- Kjell Magne Markhus

Kjell Magne Markhus visar til fråsegn sendt inn til den førre planen. Han var då bekymra for støy frå kraftstasjonen. Me vil sjølvstøtt imøtekomme dette på beste måte under planlegginga. Markhus visar til tips som å vende ventilasjonsopningar bort frå nabohus, samt dykking av utlaup.

Me takkar for innspel, og dette er viktige moment som vert ivareteke via detaljplan. Det er i dag vanleg å laga til vasslås på utlaupskanalen, som fjernar all lyd frå vatnet som treff sjølve turbinhjulet. Ein sit då att med lyd frå generator, som kan reduserast med tjukke vegger og lydfelle på ventilasjonsopning.

- Kåre Olav Krogenes**- Jon Arne Markhus**

Det er komme inn eit par fråsegn som gjeld eigedomsgrenser og rettar. Etter at søknaden vart sendt inn har dette vore vurdert av Lagmannsretten. Det ligg i dag føre ein rettskraftig dom som bekreftar innhaldet i konsesjonssøknaden:

Fra naboene Krogenes/By hevdes det at røtrase krysser deres skogsteig. Dette er riktig. I rettskraftig dom om fallretter og grunnretter mellom bnr 1 Markhus og bnr 9 Saghaugen konkluderer 3 Lagdommere i sin domspremiss enstemmig med at skogsteigene som det her siktes til er rett til skog og ikke grunn. Det er dette syn som ligger bak konsesjonsøknadens opplysninger om eiendomsforhold i røtrase. Da røtraseen er planlagt å følge eksisterende skogsvei, har dette så langt ikke vært tatt opp med berørte rettighetshavere.

Påstander i punkt 2 om veivedlikehold er for oss ukjent. Etter veivedlikeholdssak for Jordskifteretten i 2012 skulle det være godt kjent for Krogenes/By hvordan veivedlikehold fordeles. I samme sak hevder Krogenes/By, sitat rettsprotokoll : "Krogenes og By nyttar eiendomen berre til fritidsføremål. Dei brukar vegen svært lite i høve til dei fastbuande. Krogenes og By kunne faktisk greidd seg utan veg i det heile.". Følgende utsagn stemmer dårlig overens med planer om turistbedrift som de ifølge søknad til Innovasjon Norge arbeidet med på denne tiden og som blir brukt som argument mot kraftutbygging på Markhus. Eiendommen var for øvrig lagt ut for salg i vår, så vi er usikre på hva som ligger i pkt. 3 sitat: "Vil også opprettholde punktene som vi har anmerket i forrige søknad.". Om det allikevel er planer om turistbedrift på gården ser vi positivt på det og ser ingen hinder for at virksomhetene godt kan leve side om side.

Når det gjelder uttale fra Jon Arne Markhus gjelder det en tilsvarende skogsteig som nevnt over. Fallretter for øvrig var utreda av Jordskifte kandidat Agnar Naustdal i 2008.

- Hordaland Fylkeskommune

Søklar registrerar at Hordaland Fylkeskommune rår til ei utbygging av Miljateig Kraftverk, og det takkar me for. Dei visar elles til mengd minstevassføring, samt at utføringa av anleggsarbeidet må skapa minst mogleg sår i fjordlandskapet. Søklar er innstilt på å byggja eit estetisk flott anlegg med minst mogeleg sår i landskapet. Når det gjeld minstevassføring, meiner me at det er tilstrekkeleg å sleppa alm.lågvassføring, men overlet NVE til å avgjera dette. Eit slepp av alm lågvassføring heile året kostar for utbyggjar ca kr 150 000 pr år. Dette er basert på 27 l/s. Ettersom det ikkje er registrert raudlista sårbare artar som er direkte knytt til vassstrengen, vert det kostbart å til dømes dubla minstevassføringa utan ein veit at det gagnar miljøet. 5 persentilen er på over 100 l/s i sommarhalvåret. Skal ein sleppe 5 persentil, vil det kosta om lag kr 375 000 pr år.»

NVEs vurdering

I NVE si vurdering er det også tatt omsyn til andre konsesjonssøknader som er handsama i same området. Det gjeld dei to småkraftutbyggingane på sørsida av Åkrafjorden; Ripelselva kraftverk og Hetleflåt kraftverk der det vart fatta vedtak den 16.12.2014, og dei to kraftverka på nordsida av Åkrafjorden; Djuvselva kraftverk og Kvanndalselva kraftverk der det vart fatta vedtak den 01.04.2014.

Ripelselva og Djuvselva kraftverk fekk løyve til utbygging medan Kvanndalselva kraftverk fekk avslag. Fylkesmannen i Hordaland har fremja motsegn til Hetleflåt kraftverk, og NVE sitt vedtak i denne saka er sendt over til departementet for endeleg avgjerd.

Vidare har NVE i innstilling til OED tilrådd at det vert gitt konsesjon til eit redusert alternativ for utbygginga i Rullestad og Skromme med naudsynt tilknytning til kraftline. NVE har i nødvendig grad sett desse vedtaka i samanheng.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 5,8 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 707 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 0,1 % og delen bre i nedbørfeltet er på 0 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vår- og haustflaumar. Flaumane om våren er gjerne meir langvarige og med lågare maksimumsvassføring enn haustflaumane, som er typiske regnflaumar. Lågaste vassføring opptre gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 106 og 23 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 27 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 1450 l/s og minste driftsvassføring 24 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 27 l/s heile året. I følgje søknaden vil dette medføre at 72 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon

NVE gjer merksam på at alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarande 205 % av middelvassføringa, og foreslått minstevassføring på 27 l/s, vil dette gje ei restvassføring på ca. 198 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil kome i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden (varigheitskurver) vil det vere overløp over dammen ca. 51 dagar i eit middels vått år. I ca. 22 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 45 l/s ved kraftstasjonen.

Produksjon og kostnader

Med bakgrunn i hydrologiske data, som er lagt fram i søknaden, har søkar berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Miljateig kraftverk til om lag 8 GWh, fordelt på 4 GWh vinterproduksjon og 4 GWh sommarproduksjon. Byggekostnadane er estimert til 22,8 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,85 kr/kWh. Miljateig kraftverk er då eit rimeleg prosjekt samanlikna med andre småkraftsøknader NVE har til behandling.

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkar sine egne berekningar.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Ambio Miljørådgivning AS har gjennomført kartlegging og vurdering av biologisk mangfald knytt til utbyggingsområdet. I samband med utgreiinga vart det registrert ei bekkekløft i nedre del av Miljateigselva. Det vart elles funne dei raudlista treslaga ask (VU) og alm (VU) og eit område med naturtypen naturbeitemark ved Miljateigen. Når det gjeld områda med alm og ask vert det opplyst at dei truleg ikkje bli påverka av utbygginga. Det same gjeld naturbeitemarka som ikkje vil bli påverka direkte av tiltak i samband med utbygginga.

Bekkekløfta i Miljateigselva har fleire små og større fossar og fossefall. I tilknytning til desse førekjem meir eller mindre utvikla fosserøyksoner. Dette gjer at lokalklimaet i kløfta nokre stader er svært fuktig. Feltsjiktet er relativt frodig, og mosefloraen er relativt artsrik. Grunna rikt miljø og høg luftfråme vert bekkekløfta vurdert til å ha eit visst potensial for førekomstar av raudlista mosar og lav. Det vart ikkje funne sjeldne eller raudlista artar i kløfta. Bekkekløfta i Miljateigselva blir vurdert til middels verdi (B).

Ambio vurderer at bekkekløfta truleg vert negativt påverka av redusert vassføring. Då bekkekløfta ligg i nedre del av elva vil restfeltet sikre ei viss vassføring, i tillegg til overlaup og slepp av minstevassføring. Det vert antatt at utbygginga i noko grad vil redusere artsmangfaldet og forverre vekst og levevilkåra for ein del artar. Verknadssomfanget vert av Ambio vurdert til middels negativt for bekkekløfta i Miljateigselva.

Når det gjeld moglege avbøtande tiltak skriv Ambio at det bør vurderast å sleppe ei større minstevassføring enn den planlagde. Etne kommune er positiv til å leggje størst del av pålagt minstevassføring til sommarsesongen. Fylkesmannen peikar på at vegetasjonen kring bekkekløfta vil bli negativt påverka av redusert vassføring. Hordaland fylkeskommune meiner at det må vurderast slepp av ei større minstevassføring for reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta. NVE er samd i at det bør sleppast ei noko større minstevassføring om sommaren med tanke på å sikre det rike artsmangfaldet knytt til bekkekløfta. Heile bekkekløfta er ikkje kartlagt så det er eit visst potensiale for at det kan finnast sjeldsynte og raudlista artar knytt til bekkekløfta som ikkje er undersøkt. Tiltaksområdet ligg i ein nedbørsrik region med høg luftfuktigheit, men NVE meiner likevel at det bør sleppast ei noko større minstevassføring i sommarsesongen enn alminneleg lågvassføring på 27 l/s slik det det vert søkt om. NVE meiner at det må sleppast ei minstevassføring som i større grad gjenspeglar naturleg låg vassføring for sesongen.

Akvatisk miljø

Det er registrert aure i høgareliggande vatn oppstraums det aktuelle utbyggingsområdet. Elva på utbyggingsstrekket er elles for bratt til å kunne ha ein fiskebestand. På grunn av det bratte elvelaupet vert det vurdert at det er lite sannsynleg at det finnast andre vasstilknytte artar av spesiell verdi. Då det ikkje er registrert spesielle eller sjeldsynte artar til området vurderer Ambio verdien av det akvatiske miljøet til liten. NVE er samd i denne vurderinga.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Miljateig kraftverk legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 22.06.2016. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang, og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Miljateig kraftverk finst det ei bekkekløft verdisett til middels verdi (B-lokalitet), og dei raudlista treslaga ask og alm, begge VU. Ei eventuell utbygging av Miljateigselva vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt eventuelle avbøtande tiltak.

Haugesund Turistforening viser til at sumverknader må vurderast etter naturmangfaldlova. Dei viser til at Ripelselva kraftverk og Hetleflot kraftverk har fått konsesjon, og meiner at Miljateig kraftverk difor ikkje bør få konsesjon, slik at det blir ei elv i nærområdet ved Markhus som får renne fritt med sitt naturlige biologiske mangfald. Naturvernforbundet viser til kraftverk som har fått konsesjon i området og meiner at ei utbygging av Miljateig kraftverk vil medføre at den samla belastninga i Åkrafjordområdet blir uakseptabelt stor.

NVE har også sett påverknaden frå Miljateig kraftverk i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Det føreligg ikkje noko samanliknande studium av småvassdraga i Åkrafjorden, så det er vanskeleg å konkludere med at andre vassdrag inneheld dei same verdiane som er knytt til Miljateigselva. Landskapet kring Åkrafjorden er svært variert, og det er kjent at botaniske førekomstar, artar og samfunn, endrar seg frå kyst til innland, og frå fjord til fjell. Gjennomført utgreiing av biologisk mangfald i nokre av elvane i Åkrafjorden; Kvanndalselva, Djuvselva, Skålneselva, Miljateigselva, Markhuselva og Ripelselva, viser til dels store forskjellar frå elv til elv, med stor variasjon i geomorfologisk utforming, landskapets eksposisjon og dermed ulike forhold for natur og biologisk mangfald.

I samband med naturtypekartlegging i kommunen, bekkekløftprosjektet og undersøkingar i samband med småkraftutbyggingar, så er det i Naturbasen per i dag registrert seks lokalitetar med naturtypen «bekkekløft og bergvegg» knytt til Åkrafjorden (frå Åkra/Holaneset til Fjæra). Bekkekløfta i Miljateigselva er ei av desse. Av dei seks kartlagde bekkekløftene er det gitt løyve til å byggje ut to. Det er lokaliteten Tretteteig (overført til Rafdal kraftverk) og Ripelselva. For lokalitetane Kvanndalselva (nordsida) og Skålneselva har NVE ikkje gitt løyve til utbygging. Den siste lokaliteten Trollagjuvet like vest for Rafdal er det etter det NVE kjenner til ikkje planar om noko utbygging. Samla belastning for naturtypen bekkekløft og bergvegg synast difor å vere akseptabel, sjølv ved ei eventuell utbygging av Miljateigselva.

Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Naturvernforbundet peikar på at ei storstilt utbygging av småkraft i vassdrag med bekkekløfter vil kunne medføre eit stort tap av viktige naturverdiar og truga artar som ikkje er kartlagt. Naturvernforbundet meiner difor at naturmangfaldlova § 9 om føre-var-prinsippet må vege tungt hos NVE i behandlinga av saker som berører bekkekløfter. Etter NVEs vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Store samanhengande naturområder med urørt preg

Større, samanhengande naturområder med urørt preg har ein sjølvstendig miljøverdi. Ved sidan av at områda har verdi for friluftsliv og biologisk mangfald, er desse naturområda viktige leveområder for arealkrevjande artar og har betyding for naturen si evne til klimatilpassing. Regjeringa har slått fast at det er «eit mål å ta vare på dei miljøverdiane som er knytt til dei større samanhengande naturområda» (Prop. 1 S (2014-2015)).

Fylkesmannen viser til at fjellområda Etnefjella søraust for Miljateigselva er registrert med stor verdi i temakart for landskap med sårbare høgfjellsområde, i fylkesdelplan for små kraftverk i Hordaland. Fylkesmannen har i fleire samanhengar vist til verdien av desse naturområda, jf. Fylkesmannen sine motsegner til Hetleflåt- og Bordalsalternativa for Rullestadutbygginga. Fylkesmannen ber NVE vurdere søknaden om bygging av Miljateig kraftverk kritisk ut frå ei samla vurderinga av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og legge vekt på nasjonale og regionale verdiar i regionen.

INON – Inngrepsfrie naturområder i Noreg – er ein indikator som viser omfanget av og utviklinga av større, samanhengande naturområder. Inndelinga i avstandsoner i INON er eit verkty for å vise inngrepsstatus. Inngrepsfrie soner vert berekna basert på avstand i luftline frå næraste inngrep, men verktyet tek ikkje høgde for topografi. Opplevinga av urørtheit er eit kvalitetskriterium sjølv om INON-kriteria ikkje er oppfylt. Dette gjer til at eit inngrepsfritt område kan opplevast som urørt sjølv etter eit inngrep. Dette vil gjere seg gjeldande for inngrep i fjellsida og skogsområda ned mot Åkrafjorden. Inngrep i dette landskapsrommet vil ikkje opplevast frå fjellplatået lenger inn i Etnefjella. NVE meiner difor at graden av konflikt er låg av di inngrepa finn stad i eit anna landskapsrom, og såleis ikkje reduserer opplevinga av fjellområdet som urørt og villmarksprega.

Tiltaka knytt til utbygging av Miljateig kraftverk kjem i eit område som allereie er påverka av inngrep heile vegen. I nedre del er området påverka av vegbygging og busetnad, medan øvre del av røyrgate og inntak ligg inntil eksisterande skogsveg. NVE vurderer at utbygginga ikkje påverkar dei store samanhengande naturområda knytt til Etnefjella.

Landskap og brukarinteresser

Utbyggingsområdet ligg på sørsida av Åkrafjorden. Landskapet er prega av steile fjellsider og skogkledd fjordlandskap med grov blokkmark og lite lausmassar. Over skoggrensa har terrenget eit mjukare preg og går over i småkupert fjell. Infrastruktur og busetnad finn ein nedst langs fjorden, og det er her vi finn hovudparten av eksisterande inngrep. Bygda Markhus består i første rekke av eldre bustadhus og mindre gardsbruk, og ein landbruksveg fører opp til busetnaden frå den gamle riksvegen langs fjorden. Det er små kulturlandskapsområder omkring busetnaden, og det er planta noko gran i nedre delar av lia ned mot Markhus.

I søknaden er det ikkje gjort noko verdivurdering av landskapet. I ”Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland” er fjordlandskapet langs sørsida av Åkrafjorden gitt middels verdi i temakart for fjordlandskap.

Miljateigselva renn til dels gjennom markerte bekkekløfter, og til dels gjennom meir ope terreng. Midtre delar av Miljateigselva er synleg i ein avgrensa innsynsvinkel frå Åkrafjorden. Elva er elles

synleg frå den gamle riksvegen der denne kryssar elva, og elles i det nære elvelandskapet. Bortsett frå dei nemnde områda er Miljateigselva lite synleg i det storskala landskapet.

Hordaland fylkeskommune viser i sin uttale til at utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

Øvre del av røyrgata vert lagt i skogkledd bekkedal med lite innsyn. Nedre del av røyrгатetraseen frå fjorden og opp til bilvegen til Øvre Markhus er bratt med ca. 30 graders stigning. Det må påreknast ein del sprenging då det er relativt lite lausmassar, og ein del fjellparti/knausar som må forserast. Det må vidare sprengjast ut tomt til kraftstasjon og snuplass ved fjorden. NVE meiner at legging av nedre del av røyrgata med kraftstasjonstomt vil bli godt synleg frå Åkrafjorden, men at inngrep knytt til røyrгатetraseen vil gro igjen etter nokre år.

Når det gjeld brukarinteresser er det spesielt Etnefjella som regionalt viktig friluftsområde og innfallsporten via DNT-ruta mellom Markhus og Sandvasshytta som utpeikar seg. Fjellet over Markhus er eit mykje nytta område for tur og friluftsliv. Haugesund Turistforening har merka ei turrute frå Øvre Markhus til Sandvasshytta. Hytta har status som ei sjølvbetjent turistforeningshytte, og er eigd av Haugesund Turistforening. Hordaland fylkeskommune opplyser at Sandvasshytta har om lag 1000 overnattingar i året. Kor mange som kjem via DNT-ruta frå Markhus finst det ikkje statistikk på. Turruta mellom Markhus og Sandvasshytta følgjer høgdedraget like vest for Miljateigselva. Stien frå Øvre Markhus er den viktigaste og mest nytta stien opp i Etnefjella langs Åkrafjorden. Friluftsrådet Vest og Haugesund Turistforening har nyleg lagt til rette med ein ny parkeringsplass på Øvre Markhus, for turistar som nyttar stien til fjells. I "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland" er Etnefjella søraust for Miljateigselva og Skålneselva, og areala kring DNT-stien mellom Markhus og Sandvasshytta, registrert som regionalt friluftsområde med stor verdi i temakart for friluftsliv. DNT-stien mellom Markhus og Sandvasshytta er også merka i temakartet.

Inngrepa kjem ikkje i direkte konflikt med DNT-ruta mellom Markhus og Sandvasshytta og vert ikkje synleg frå stien. NVE vurderer at friluftsiinteressene knytt til innfallsporten til Etnefjella i liten grad vert påverka.

For reiselivet har Åkrafjordområdet eit stort potensial, der fjordlandskapet er ei viktig ramme. I 2006 vart Åkrafjorden Landskapspark stifta. I samråd med prinsippa for Geoturisme ynskjer lokale næringsdrivande og grunneigarar i Åkrafjorden å utvikle området til å bli eit attraktivt reisemål. Ein turistattraksjon i området er ei eiga båtrute langs fjorden.

NVE meiner at inngrep knytt til legging av røyrgate i nedre del og kraftstasjon, vil bli godt synleg i fjordlandskapet under anleggsperioden og eit tid etter, men at synsinntrykket vil avta med tida. NVE vurderer at utbygginga er akseptabel med tanke på landskap og brukarinteresser.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i sjølve tiltaksområdet. Det vert elles vist til at tiltakshavar har plikt til å vise aktsemd og til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom NVE gir konsesjon vil vi setje som eit krav at eventuelle funn blir tatt omsyn til.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det er i dag ikkje kapasitet til å ta i mot krafta frå anlegget. Det er gitt løyve til utbygging av ny 66 kV kraftline som skal byggast av Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL). Denne utbygginga vil utløyse

nettilknytning for fleire kraftverk. Det er i følgje søknaden avklart at når denne lina er på plass kan Miljateig kraftverk knyte seg på lokalt nett som ligg ved tunnelmunningen på E134, tilhøyrande Skånevik Ølen Kraftlag.

I tillegg til Miljateig kraftverk er det mange vasskraftverk rundt Åkrafjorden som har fått løyve eller ligg til sluttbehandling i OED. Krafta frå desse kraftverka skal eventuelt inn på same overføringsleidning. Det er svært avgrensa med ledig kapasitet i dagens nett. Dersom fleire av dei planlagde kraftverka kring Åkrafjorden blir realisert, vil det difor vere naudsynt å bygge ny overføringsleidning med større kapasitet. Kostnadane ved ein slik leidning må fordelast mellom kraftverka. Tilleggs-kostnadane per kraftverk blir høgare jo færre kraftverk som kan vere med å dele på utgiftene. Blir tilleggs-kostnadane for ny overføringsleidning for høg per kraftverk kan dette gjere til at utbygginga vert ulønsam. Dersom det vert gitt konsesjon til for få av prosjekta i kring Åkrafjorden, vil ikkje ny overføringsleidning kunne realiserast, og heller ikkje dei prosjekta som har fått konsesjon vil kunne bli realisert. Derfor kan ikkje vurderingane av dei ulike konsesjonssøknadene etter vassressurslova skje uavhengig av spørsmålet om ny overføringsleidning. Dersom ein ynskjer at delar av kraftpotensialet i dette området skal byggjast ut er det avgjerande at det blir gitt konsesjon til tilstrekkeleg mange prosjekt. Samstundes kan ikkje omsynet til nett-tilgang for andre kraftverk åleine vege så tungt at det skal ha avgjerande verknad i våre konklusjonar når vi meiner at eit tiltak vil vere krevjande for allmenne interesser.

Dei ulike kraftverksprosjekta vert fremja av ulike aktørar, og det er knytt usikkerheit til om prosjekta som får løyve vert realisert. Det er difor ikkje mogleg å få ei fullstendig oversikt, men NVE vil vurdere vedtaka som er fatta i dei andre prosjekta opp mot vårt vedtak til Miljateig kraftverk.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Miljateig kraftverk vil gje 8 GWh i eit gjennomsnittså. Denne produksjonsmengda reknast som vanleg for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar og grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Miljateig kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 8 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon til ein pris under gjennomsnittet for småkraftverk dei seinare åra. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2013–15) har NVE klarert om lag 2,0 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra, for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Miljateig kraftverk vil vere eit bidrag til fornybar energiproduksjon med avgrensa verknad for miljø. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt sidan

tiltaket ligg i randområdet til Etnefjella som regionalt viktig friluftsområde. NVE legg til grunn at inngrepa vil finne stad i eit anna landskapsrom, og såleis ikkje redusere opplevinga av urørt natur i dette fjellområdet. NVE meiner at den omsøkte utbygginga er akseptabel med omsyn til landskap og friluftsliv. NVE har og lagt vekt på omsynet til biologisk mangfald. NVE meiner at det bør sleppast ei noko større minstevassføring i sommarsesongen med tanke på å sikre artsmangfaldet knytt til bekkekløftene langs Miljateigselva. Dette vil redusere produksjonen med i underkant av 0,5 GWh/år. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, for å ta vare på landskap og biologisk mangfald, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser er akseptable.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Miljateig Kraft AS (SUS) løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Miljateig kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Miljateig Kraft AS har lagt fram planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber ei tilknytning til nettet via 590 m 22 kV luftline til eksisterande linenett samt installering av ein generator med ei spenning på 0,69 kV og ein transformator for omsetnad til 22 kV.

Skånevik Ølen Kraftlag er områdekonsesjonær og skal ifylgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Etter etablert praksis kan naudsynte høgspontanlegg byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon. Viss dette blir gjort, er det ikkje naudsynt med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytning til 22 kV nett. Dei elektriske komponentane som skal installerast i kraftverket krev ikkje konsesjon etter energilova (jamfør Odelstingproposisjon nr 43 1989-90, s 87). Bygging og drift av dei elektriske komponentane i kraftverket er omfatta av FOR-2006-04-28-458 *Forskrift om sikkerhet ved arbeid i og drift av elektriske anlegg* og FOR-2005-12-20-1626 *Forskrift om elektriske forsyningsanlegg* som er Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sitt ansvarsområde.

Etter vilkår i områdekonsesjonen skal områdekonsesjonær leggje fram planar for ny tilknytning til nettet og eventuelle forsterkningar for kommune, fylkesmann, grunneigarar og andre partar som dette vedkjem slik at dei kan få uttale seg om saka. Ved usemje om løysingar kan områdekonsesjonær leggje fram saka for NVE som da vil behandle saka som ein anleggskonsesjon.

Verknadane av nettilknyttinga er med i NVE si samla vurdering av kraftverksplanane, jf. avsnittet Konsekvensar av kraftlinjer.

NVE har ikkje gjort ei eigen vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at det er på plass ei avtale om nettilknytning før byggjeart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet på nettet, og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må liggje føre på same tid med at detaljplanar blir sendt inn for godkjenning, jamfør Vilkåra for konsesjon, post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	707
Alminneleg lågvassføring	l/s	27
5-persentil sommar	l/s	106
5-persentil vinter	l/s	22,6
Største slukeevne	m ³ /s	1450
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	205
Minste driftsvassføring	l/s	24

Tiltakshavar foreslår i søknaden å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 27 l/s ved hovudinntak. Det er i høyringsrunda komme inn merknader frå Etne kommune, Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune til dette forslaget. Kommunen er positiv til å leggje største del av pålagt minstevassføring til sommaren. Fylkesmannen peikar på at vegetasjonen kring bekkekløfta vil bli negativt påverka av redusert vassføring. Hordaland fylkeskommune meiner at det må vurderast slepp av ei større minstevassføring for å reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.

Heile bekkekløfta er ikkje kartlagt så det er eit visst potensiale for at det kan finnast fleire sjeldsynte og raudlista artar knytt til bekkekløfta som ikkje er undersøkt. NVE meiner at det bør sleppast ei noko større minstevassføring i sommarsesongen med tanke på å sikre artsmangfaldet knytt til bekkekløfta.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 100 l/s i tida 1/5-30/9 og 20 l/s resten av året. I forhold til søknaden vil dette gje ein reduksjon i produksjonen på 0,45 GWh/år basert på oppgitt energiekvivalent. Samla produksjon vil då bli på 7,55 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Dersom tilsiget ved inntaket er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Val av alternativ	Berre eit alternativ er omsøkt, sjå kart i vedlegg
Inntak	Hovudinntak skal ligge om lag på kote 217 i Miljateigselva slik som omsøkt. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Vassvegen frå kote 2,5 til inntak på kote 217 skal vere nedgraven på heile strekninga som vist på vedlagt oversiktskart.
Kraftstasjon	Kraftstasjonen skal plasserast på kote 2,5 i tråd med det som er oppgitt i søknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan.
Største slukeevne	Søknaden oppgir 1450 l/s.
Minste driftsvassføring	Søknaden oppgir 24 l/s.
Tal turbinar/turbintype	Søknaden oppgir 1 stk Peltonturbin med innstallert effekt 2600 kW.
Veg	Midlertidige og permanente vegar skal byggast i tråd med det som er oppgitt i søknaden, men kan justerast i samband med detaljplan.
Avbøtande tiltak	Ta omsyn til støy, støydemping.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Post 10: Registrering av minstevassføring m.v.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Andre forhold

I høyringsuttalar frå grunneigarar i området er det vist til eigedomsforhold og fallrettigheiter som ikkje er klarlagt. Dette er privatrettslege forhold som ligg utanfor NVE sitt ansvarsområde.

Vedlegg

Kart over utbyggingsområdet.

